

Skjemainformasjon

Referanse 190887
Innsendt 15.10.2008 15:48:49

Opplysningar om søkjar

Søkjar
Namn på organisasjonen Nynorsk kultursentrum
Leiar for institusjonen Ottar Grepstad
Postadresse Indrehovdevegen 176
Postnummer / Poststad 6160 Hovdebygda
Tlf. til organisasjonen 70047570
Kontaktperson for prosjektet Kjersti Markegård Bae
Tlf. til kontaktperson 70047581
E-post til kontaktperson kjersti@aasentunet.no
Nettstad <http://aasentunet.no>
Org. Nr 976013263

Opplysningar om prosjektet

Prosjekt
Søknaden gjeld Utvikling av digitalt innhald og tenester

- ☞ utvikling av brukarvenlege digitale tenester
- ☞ digital tilgjengeleggjering og digital formidling av kunnskap og kulturarv
- ☞ samarbeid med faglege og regionale partnerar for Kulturnett.no.
- ☞ "Digitalt fortalt – kulturminne på nett"

Tittel på prosjektet Nettutstilling

Samandrag av prosjektet

REKVISITTAR FOR EIT LIV

I var Aasen-tunet i Hovdebygda på Sunnmøre har ei samling av 225 gjenstandar som språkforskaren Ivar Aasen eigde. Vi ønskjer å lage ei nettutstilling der vi set bilete av desse gjenstandane frå 1800-talet saman med nyskrivne tekstar, slik at dei to elementa kan utfylle kvarandre og ved dette skape undring og ny forståing for kven Ivar Aasen var. Dette blir ei digital teneste som vil formidle kulturminne på ein engasjerande og utradisjonell måte.

Prosjektomtale

Prosjektet

Utstillinga skal liggje på nettstaden www.aasentunet.no som Nynorsk kultursentrum eig og driv. Nettutstillinga skal ha høg estetisk kvalitet og vere tilgjengeleg for alle, men skal knytast spesielt opp mot undervisningsopplegg i den vidaregåande skulen. Vi ønskjer på denne måten å få fram fleire sider ved Ivar Aasen. At han var språkforskar og forfattar er kjend for dei fleste, men publikum bør også få møte den urbane demokraten Ivar Aasen med botanikarinteresser.

Bakgrunn

Ragnar H. Albertsen frå fylkesfotoarkivet har teke bilete av gjenstandssamlinga etter Ivar Aasen. Samlinga består av 225 gjenstandar som viser ein manns kvardagsliv i Oslo mellom 1850 og 1890. Desse bileta har eit tydeleg særpreg og viser dei enkelte gjenstandane på ein måte som kan få publikum og fagfolk til å stoppe opp. Ved å setje

saman Aasens egne tekstar om gjenstandane, allmenne kulturhistoriske observasjonar om gjenstandane, og samtidskommentarar frå nolevande forfattarar, kan dette gi eit kontrastrikt møte mellom fortid og notid som vi trur vil skape undring.

I norskfaget brukar ein eit utvida tekstomgrep som inkluderer alle tekstformer. Læreplanen har eit særleg fokus på samansette tekstar, og her kan samspelet mellom bilete og tekst vere eit godt utgangspunkt for refleksjon. Dette finn vi att i Kunnskapsløftet, formål med norskfaget:

Norskfaget forholder seg til et bredt spekter av tekster, både muntlige, skriftlige og sammensatte tekster, der skrift, lyd og bilder spiller sammen. Et norskfag for vår tid bygger på et utvidet tekstbegrep som inkluderer alle disse tekstformene. Faget skal hjelpe elevene til å orientere seg i mangfoldet av tekster og gi rom for opplevelse, refleksjon og vurdering.

Ivar Aasen er ikkje nemnd i læreplanen i norsk for vidaregåande skule, men han er ein sjølvsgatt del av andre året i arbeid med hovudområdet språk og kultur.

Nettutstillinga vil også høve godt i historiefaget for å gi innsikt i korleis kvardagslivet kunne arte seg for eit menneske i Noreg på 1800-talet.

Historiefaget skal bidra til økt forståelse av sammenhenger mellom fortid, nåtid og framtid og gi innsikt i menneskers tanker, liv og handlinger i ulike tidsepoker og kulturer. Historiebevissthet gir grunnlag for refleksjon over egne verdivalg. Opplæringen i faget skal gi innsikt i mangfoldet av leveforhold og livsbetingelser for mennesker i fortiden (Formål med historiefaget, Kunnskapsløftet).

Målgruppe

Hovudmålgruppa er elevar i den vidaregåande skulen. Dette er ei gruppe det har vore laga lite tilbod til tidlegare, og tekstar som vert skrivne med tanke på denne gruppa vil kunne fungere godt til vaksne brukarar av nettsida. Når historier knytt opp mot kulturminne vert fortalde digitalt, vil dette kunne verke motiverande for ei ung brukargruppe.

Mål

Det er eit mål at ein gjennom nettutstillinga aukar interessa for Ivar Aasen og arbeidet hans. Gjennom å setje Aasen inn i ein ny samanheng, vil ein kunne bli betre kjend med personen Ivar Aasen. Dette kan fornye interessa for han og nynorsken og gjere sitt til at Ivar Aasen vert sett med nye auge. Samstundes kan også utstillinga få fram noko allment om ein manns liv mellom 1850 og 1900.

Det er også eit mål at fleire skuleelevar og lærarar oppdagar nettsidene våre, og at dei i forlenginga av dette ønskjer å besøkje Ivar Aasen-tunet.

Innhald

Vi vel ut 30 av dei bileta som har vorte tekne. Desse bileta vert så gitt til forfattarar som skriv ein kort nynorsk tekst til desse. Tekstane skal vere tankevekkjande og auke interessa for Ivar Aasen. Vi ønskjer at dei nynorskforfattarane vi spør skal dekkje eit breitt spekter, både forfattarar av skjønnlitteratur og sakprosa bør vere med. I tillegg til å tenkje spreiding i alder og god representasjon av kjønn, ønskjer vi også å ha med både nye og meir etablerte forfattarar. Tekstane bør også vere ulike når det gjeld form og innhald, slik at ulike sjangrar og stemningar kan knytast opp mot bileta. Vi tek utgangspunkt i at minst ti av dei 30 skal vere kvinner, og minst halvparten av dei skal ha debutert etter 1980.

Vi er så heldige at vi har Aasens egne kommentarar til gjenstandane, og desse vil understreke gjenstandane sin eigenart og ivareta den historiske konteksten. I tillegg til desse samtidige tekstane, vil vi ha med korte faktatekstar som fortel om kva dei ulike gjenstandane er, når dei vart brukte og kva dei vart brukt til.

Når publikum går inn på nettutstillinga, vil dei møte bileta saman med forfattartekstane. For at dette skal fungere visuelt bør ikkje desse tekstane vere på meir enn 1200 teikn. Faktatekstane om dei historiske gjenstandane må klikkast fram ved å trykkje på ein les

meir-knapp.

Bileta og tekstane vert liggjande på nettsida som ei nettutstilling, og utfordringa er då å gjere ho kjent for skulane. Vi vil mellom anna sende e-post til alle dei vidaregåande skulane, og i tillegg vil vi ta kontakt med ulike forlag slik at dei kan leggje ein link til sida i ressursmateriale dei lagar til læreverk i norskfaget.

I var Aasen og samansette tekstar må reknast som aktuelt og interessant også for bokmålsskular, så denne informasjonen bør sendast til alle. I tillegg til informasjonen som blir sendt ut, bør det også vere med nokre oppgåver knytt til dei samansette tekstane. Dette aukar sjansane for at utstillinga blir brukt i klasserommet. Desse oppgåvene bør motivere til tolking, undring og refleksjon. Vi vil også vurdere om det skal knytast interaktive oppgåver til dette.

Ein sjølvsgat samarbeidspartnar vil også vere kulturnett.no. Her kan utstillinga gjerast kjent for ei anna brukargruppe enn elevar og lærarar.

Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

Startdato	01.02.2009
Sluttdato	01.08.2009

Aktivitetplaner

Tittel	Frå dato	Til dato
Fotografering	01.10.2005	01.12.2008
Redaksjonelt arbeid	01.02.2009	01.04.2009
Tekstar frå forfattarar	15.02.2009	01.06.2009
Saktekstar om gjenstandar	15.02.2009	01.06.2009
Oppgåver til dei samansette tekstane	01.06.2009	15.07.2009
Lansering og marknadsføring	01.08.2009	01.08.2009

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan.

Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar?

Ja

Samarbeidspartner 1

Namn

Sogn Folkemuseum

Formell avtale?

Nei

Postadresse

De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum

Postnr / Poststad

6854 Kaupanger

Kontaktperson

Anna Jorunn Avdem

Tlf. til kontaktperson

47642532

E-post til kontaktperson

anna@dhs.museum.no

Anna Jorunn Avdem er museumslektor og historikar og arbeider ved Sogn folkemuseum. Samarbeidspartnarane vil hjelpe oss med å knyte gjenstandane opp mot den historiske konteksten gjennom faktatekstane. Avdem vil hjelpe oss i arbeidet med å finne meir saksretta og populærvitskapleg stoff om gjenstandane og kvalitetssikre det som er skrive. Unntaksvis vil ho skrive sjølv. Gjennom desse tekstane får vi eit meir allment og kulturhistorisk perspektiv på gjenstandane.

Rolle

Samarbeidspartner 2

Namn

Romsdalsmuseet

Formell avtale?

Nei

Postadresse

Per Amdams veg 4

Postnr / Poststad

6413 Molde

Kontaktperson

Signy Haraldsen

Tlf. til kontaktperson

71202465

E-post til kontaktperson

signy@romsdalsmuseet.no

Regionskonservator Signy Haraldsen vil saman med førstekonservator Bjørn Austigard vil hjelpe oss med å knyte gjenstandane opp mot den historiske konteksten gjennom faktatekstane. Dei vil hjelpe oss i arbeidet med å finne meir saksretta og populærvitskapleg stoff om gjenstandane og kvalitetssikre det som er skrive. Unntaksvis vil dei skrive sjølve. Gjennom desse tekstane får vi eit meir allment og kulturhistorisk perspektiv på gjenstandane.

Rolle

Prosjektbudsjett

Prosjekt

Eittårig eller fleirårig prosjekt? Eittårig

BUDSJETT FOR FØRSTE ÅR

Utgifter

Kva	Spesifikasjon	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Administrasjon	kr 100 000,00
Varer/utstyr		kr 0,00
Tjenester kjøpt av andre	Forfatterhonorar	kr 90 000,00
	Eksterne konsulentar	kr 50 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	Møte- og reiseutgifter	kr 10 000,00
	Teknisk tilrettelegging	kr 20 000,00
	Marknadsføring	kr 10 000,00
	Uføresette utgifter	kr 20 000,00
Totale utgifter		kr 300 000,00

Inntekter

Spesifikasjon	Tilskot stadfesta?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 200 000,00</u>
Eigenfinansiering	Nei	kr 100 000,00
Totale inntekter		kr 300 000,00

Vedlegg

- 04-23 Aasens hatt.jpg
- IAAM-0218-04.jpg
- Pipe Aasen.jpg